




Huglo, eit natureldorado i Sunnhordland, ligg lengst sør i ei gruppe av små øyar, der Langenuen møter Hardangerfjorden.

Huglo - a natural eldorado in Sunnhordland - lies furthest south of a group of small islands where Langenuen meets the Hardangerfjord.



Huglo.

Foto: Tor Resser

Rute og ymse av interesse

Terreng: Lett og variert

Tid: 5 km/ 1 1/2 - 2 timar

Huglo ligg ikkje direkte til hovudvegen E39, - men ikkje så langt i frå. Det tar berre 10 min. med **ferje frå Jektevik E39** til **Nordhuglo** (sjekk ferjetidene). 10 minuttar frå travel hovudveg til ro og fred. Frå Nordhuglo kort køyretur til starten av naturstien.

Eit mildt vinterklima og fine sommartemperaturar gjev grobottn for varme-kjære planter og tre. Berggrunnen vekslar frå kvarts- og konglomerat til marmor og kalkstein. Noko som også skaper stor variasjon i vegetasjonen; frå skrinne lyng- og furuåsar i vest til frodige og rike skråningar aust for høgdedraget.

Parkering (1) på Tveit.

Huglo kultur- og natursti er ei vandring i tid, frå steinalder til oljealder. I steinalderen gav skogen ly mot ver, vind og fiendar. Den gav mat, frukt, bær og vilt. Den gav vrykje til reiskapar, våpen og hus. Vidare gav den lys og varme og eld til vern mot ville dyr. Me var ein del av naturen sin heilskap og kretsløp. På Huglo har det vore busetnad sidan 2500 f.Kr.

Kalkbrenninga byrja omlag ved år 1300, truleg i Kvednavikjo. I 1860-åra gjekk «skjerpefeber» som ein farsott over distriktet. Den kom og til Tveit. Mange skjerp vart opna. Ein draum om å verta rik hadde nok mange, men det vart helst med sveitte og slit.

Route and places of interest

Terrain:

Time: 5 kilometres, 1½–2 hours

Huglo is not directly on the E39 but is only a short distance away. It takes just 10 minutes by ferry from Jektevik on the E39 to Nordhuglo. (Check ferry timetables). 10 minutes from the busy main road to tranquillity. A short drive from Nordhuglo and you're at the start of your nature walk.

Mild winters and good summers provide good conditions for sun loving plants and trees. The bedrock varies between quartz and conglomerate, marble and limestone, providing for great variation in the local flora which includes heather and pine to the west and richly wooded hillsides to the east of the heights.

Parking at Tveit (1)

Huglo culture and nature walk is a journey through time, from the stone age to the oil age. Stone age dwellers sought shelter in the forest from the wind and weather .. and their enemies. It provided food; fruit, berries and game. It gave them wood for tools, dwellings and weapons as well as for light, fire for heating and to fend off wild animals. Man was part of nature's whole, her natural turn of events. There has been continuous settlement at Huglo since 2500 BC.

Limestone burning started around 1300, probably in Kvednavikjo. In the 1860's «skjerpefeber» (mining fever) gripped the area. Many prospectors



Stien byrjar ved eldhuset til Arne Sortland på Tveit (1). Her ifrå går den nedom gruvene på Tveit (2) I Tveitegruva var det stor aktivitet i 1860-åra. Den siste skipslasta med koparkis gjekk ut i 1903. I gruveområdet vil du finna mange nyttige opplysingar om gruva og drifta der. I Kvednavikjo (3) vil du sjå tufter og vister etter kalkomn, kalkbu til garden Tveit. Ny kvern er bygd i 1997.

På stien opp til Tveitevatnet (4) vil du treffa på kalkbrot, «visdomskjelda», orkidevoksterplass og opplysingar om geologi, om mangfaldet når det gjeld buskar og tre og om Tveitevatnet.

Stien går vidare nedom limomnen (5) og Kuhidlaren (6) på austsida. Her vil du finna opplysingar om steinalderen, buplass m.m. Stien går oppom Sjøhammar (7) - 113 m.o.h., med eit strålande utsyn.

Vidare går me mot innmarka på Sørhuglo (8). Her vil du få mange nyttige opplysingar om «klostergods», «futagard» og kva som rører seg der no.

Me held fram til vi møter vegen, og følgjer den til høgde, attende til parkeringsplassen.

opened mines, but for the most part dreams of riches were soon to be dashed in blood, sweat and tears.

The footpath starts at Arne Sortland's furnace house at Tveit (2). From here it goes down to gruvene - the mines - at Tveit (3). There was much activity in the Tveit mines during the 1860's. The last shipload of copper pyrite was dispatched in 1903.

You will find plenty of interesting information about the mines at the site. In Kvednavikjo (4) you will see remains and ruins of limestone ovens, limestone stores and mills belonging to the Tveit Farm.

On the way up the footpath to Tveitevatnet (5), you will find a limestone quarry, «visdomskjelda» - the spring of wisdom - wild orchids and plenty of information about local geology as well as the local flora and Tveitevatnet.

The path carries on down to Liomnen (6) and Kuhidlaren (7) on the eastern slope. You will find information on the stone age, the settlement and more. The footpath then ascends to Sjøhammar (8) - 113 metres above sea level and offers a wonderful view.

Carry on to the cultivated landscape at Sørhuglo(9). You will find interesting information about the old Cloister, the bailiff's farm and present day life.

Continue until you reach the road again and then turn right and walk back to the car park.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsrad.